

# Kvam ungdomsråd sin uttale til budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028



Kjære heradsstyre!

Me ser at det i økonomiplanframlegget til rådmannen er det lagt inn mange kutt som kan gå på bekostning av barn og unge i heradet. Ungdomsrådet vil i sin budsjettuttale peika på nokre punkt som me meiner bør prioriterast, men me kjem også med kraftige innsparingsforslag.

### **Ungdommen er framtida**

Det er dei unge som skal bu i og utvikla Kvam vidare. Det er difor viktig at dei får ein god og minnerik oppvekst slik at Kvam blir ein plass som ungdomen vil venda tilbake til. Me treng difor gode tenester og fritidstilbod, både kommunale og i regi av frivillige lag og organisasjonar.

### **Grunnskule/ Skulestruktur**

#### **Nedlegging av Tørvikbygd skule**

Ungdomsrådet ønskjer ei endring av skulestrukturen i Kvam ved at Tørvikbygd skule vert lagt ned frå og med skuleåret 2025/2026. Ungdomsrådet kjem til å gje ein ny høyringsuttale i saka om nedlegging innan 20.1.2025, men grunnjev endring av nytt standpunkt med dette:

- FAU har uttala at det beste for borna deira er å verta flytta til ein større skule pga. det psykososiale skulemiljøet.
- Ungdomsrådet ser saka i samanheng med den totale økonomiske situasjonen i heradet og ser at ei nedlegging kan vera fornuftig.

#### **Vilkår for flytting:**

- Ungdomsrådet meiner at det er viktig at elevane ikkje skal splittast i løpet av skulegangen og derfor skal følgja same skule heile grunnskuletida.
- Ungdomsrådet meiner også at det skal vera ei eiga transportordning for 1. – 4. klasse elevar slik at dei opplever skulevegen tryggare.
- Elevane frå Tørvikbygd skule må få høve til å verta kjende med medelevar på ny skule før skulestart.

### **Andre moglege kutt i Kvammaskulen**

#### **Leksefri skule**

Kvam ungdomsråd føreslår leksefri skule for mellomtrinnet og ungdomsskulen som eit mogleg innsparingstiltak

## **Grunngjeving:**

- Dersom ein kuttar lekser vil dette føra til at lærarane kan nytta tida si på meir oppfølging av enkelte elevar og fagleg førebuing.
- Dersom ein kuttar lekser vil dette også føra til at elevane kan førebu seg betre til vidaregåande skule og arbeida sjølvstendig.
- Ungdomsrådet føreslår at det vert gitt lekser i 1. – 4. klasse slik som i dag.
- Ungdomsrådet føreslår at 5. – 7. klasse skal ha mindre lekser, men meir rettleiing og oppfølging på kva som skal gjerast av arbeid i løpet av skuleveka.
- 8.-10. klasse skal ikkje ha lekser pga. førebuing til vidaregåande, arbeidslivet og det å ta meir ansvar for eiga læring. Det bør innførast eigne «måltestar» i staden
- Leksefri skule vil frigjera ressursar som kan nyttast på andre ting.

## **Viktig med tilgang på pc, nettbrett og internett på skulane**

Kvam ungdomsråd vil påpeika at det framleis er problem med kvaliteten på PC`ar som vert tilbydd elevar i grunnskulen. Internett er framleis ikkje godt nok. Dette fører til at tentamenar har blitt utsett og at ein ikkje kan halda fram undervisinga på skulane. Elevar mistar i tillegg tilgang til nettressursar. Dette går også ut over lærarane på skulane.

## **Kompetanse hos lærarar**

Ungdomsrådet ønskjer at IT avdeling i heradet held kurs for lærarane når det gjeld bruk av digitale verktøy her inkludert bruk av pc, smarttavler og printer.

Ungdomsrådet ønskjer også ein mogelegheit for at lærarane skal kursast i kunstig intelligens modellar som kan nyttast i opplæringa.

## **Mat i Kvammaskulen**

Heradsstyret gjorde i sak 073/23 vedtak om å innføra eit måltid per dag på ungdomsskulen. Dette vart seinare kutta. Ungdomsrådet meiner framleis at dette er viktig og bør prioriterast med tanke på helse, økonomiske skilnadar i samfunnet og det sosiale på skulane.

## **Sosialfagleg kompetanse i skulen**

Ungdomsrådet opplever at det har blitt ei bedring på skulane etter at miljørettlearane vart innført i Kvammaskulen. Dette har også avlasta lærarar fordi miljørettlearane har teke seg av saker som mobbing og utestenging. Dei har også vore med på å betra det

psykososiale arbeidsmiljøet for elevane på skulane. Det har truleg også auka kompetansen til lærarane også når det gjeld problemstillingar knytt til psykisk helse og mobbing.

Ungdomsrådet meiner at miljøretteleiarstillingar i Kvammaskulen skal prioriterast sjølv om det er ein vanskeleg økonomisk situasjon i heradet fordi dei er med på å avlasta lærarar, men også andre instansar som arbeider opp mot barn og unge i skulen. Me opplever at dei har klart å komme nær elevane på ein annan måte enn lærarane.

## Vidaregåande opplæring

### Læretilbod/ lærlingtilbod i Kvam

- Kvam Herad bør verta flinkare på å promotera lærlinghuset på plattformer der ungdom er til dømes Instagram og Snap. Det kan også hengast opp plakatar på butikkar og bensinstasjonar.
- Variasjon i lærlingplassar. Kvam ungdomsråd ber også i år om at Kvam herad satsar på lærlingplassar innanfor fleire fagområde (TIF- elektro, mekaniske yrke, bygg- og forskalingsfag, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidarar). Kvam herad må prioritera "lærebedrifter" i Kvam herad sine anbudsprosessar.
- Kvam herad bør sjå på moglegheiter for å styrka tilbodet på VG2 ved hjelp av konseptet frå Handalag som vert kalla «Tidleg i lære». Dette går ut på at elevar kan ta felles fag på skule og at dei kan ta programfag som lærling i ei bedrift. Dette kan føra til at det er mindre behov for faglærarar på vidaregåande og det vil gje eit breiare tilbod for dei som ønskjer å ta utdanninga si lokalt.

### Kommunehelse. Trivsel og haldningar

- Kvam ungdomsråd er positive til at det vert arbeidd aktivt på skulane med trivsel og haldningar.
- Kvam ungdomsråd er glade for at det er ein "nulltoleranse" i Kvam for mobbing på skulane, men opplever ikkje alltid denne «nulltoleransen» i realiteten. Ungdomsrådet er uroa over oppførsel, og melding om mobbing på skulane. Det bør satsast meir på samtalegrupper på skulane. *Sterke felleskap-prosjektet* som ungdomsrådet har teke del i dette året, har vist at dette er noko som ungdom bryr seg om og meiner er viktig å prioritera. På demokrativerkstaden til Kvam ungdomsråd 2.10.2024 vart ungdomane samde om følgjande satsingsområde: 1. Psykisk helse 2. Medverknad/ inkludering 3. Skuletrivsel

- Ungdomsrådet meiner framleis at det bør settast i verk ekstra tiltak i overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen, der 7. klassingane blir kjent med kvarandre både i skuletida og fritida for å unngå mobbing m.m.
- Kvam ungdomsråd er glade for at Kvam herad deltek i lokale-, regionale- og nasjonale prosjektgrupper for å betra mellom anna psykisk helsehjelp blant barn og unge.
- Kvam ungdomsråd meiner at trygge møtestadar genererer trivsel! Derfor meiner ungdomsrådet at Kvam herad må halda fram arbeidet med Basecamp og andre uformelle møtestadar i Kvam.
- Utekontakten og helsesjukepleiartilbodet på skulane må oppretthaldast til trass for nedskjeringar. Kvam ungdomsråd meiner at det er positivt at Kvam herad har ein så aktiv og synleg Utekontakt, som reiser rundt og besøker elevane på skulane. Utekontakten representerer ein ekstra tryggleik for ungdom som har det vanskeleg fordi det kan vera lettare å snakka med Utekontakten i staden for andre vaksne. Det er naudsynt at helsesjukepleiarane er ute på skulane, sjølv om elevane ofte opplever at helsesjukepleiarane er for sjeldan tilgjengeleg. Ungdomsrådet påpeikar at helsesjukepleiarane må bli endå meir synlege/tilgjengelege på skulane slik at elevane kan ta kontakt. Det er viktig at helsesjukepleiarane presenterer seg i klassane, spesielt på 8.- klassetrinnet og at det blir hengt opp plakatar/ lappar på skulane om kva tid det er mogeleg å treffa dei. Helsestasjonen for ungdom må også promoterast betre.
- Ungdomsrådet oppmodar helsestasjon og helsesjukepleiar til å ha sanitære produkt på barne- og ungdomsskulane slik at elevar kan enkelt få tak i dette.

## Organisasjon og politikk

### Budsjett for Kvam ungdomsråd

- Kvam ungdomsråd ber om at budsjettramma til ungdomsrådet vert sett til minimum kr. 200 000. Dette fordi rådet har auka aktivitet pga. kåringa Årets ungdomskommune og har fått ei oppjustering av tal representantar. Ungdomsrådet er også vertskap for Ungdomskonferansen 2025 og ein reknar difor med ekstra møtepunkt pga. av dette.
- Ungdomsrådet er eit lovpålagt organ. Ungdomsrådet ber om at det ikkje vert kutta i budsjettet eller i koordinatorstillinga til ungdomsrådet, fordi me vil oppretthalda det gode arbeidet som vert gjort i rådet.
- Ungdomsrådet vil minna om at heradet vart kåra til «Årets ungdomskommune» hausten 2023 mellom anna på grunn av arbeidet til ungdomsrådet.

- Grunna kåringa som heradet mottok i 2023 meiner ungdomsrådet at heradet ikkje bør skrenka inn på tilbodet til barn og unge verken politisk eller på andre områder.

## **Kultur/Idrett**

Kvam ungdomsråd meiner at kultur og idrett er viktig for barn og unge i Kvam.

- Kvam ungdomsråd tykkjer det er flott at me har eit kinotilbod i kommunen. Det er likevel ynskjeleg med oftare og meir relevante framsyningar for ungdom.
- Kvam ungdomsråd meiner at det bør leggjast betre til rette for barn og unge i sentrumsområda. Til dømes uformelle møtestadar som er innandørs med varme og straum.
- Ungdomsrådet meiner at ferie-SFO bør halda fram slik som no. Dette fordi ein del barnefamiliar ikkje har foreldre som kan ta fri, eller har stadar dei kan senda borna sine når det er skulefri.
- «Milliontoalettet» i Ålvik må vera ope heile året, ikkje berre i turistsesongen. Ungdomsrådet kan ikkje forstå at eit slikt dyrt bygg ikkje skal brukast heile året.

## **Fritidskortet/ Fritidskortet pluss**

Kvam ungdomsråd meiner at fritidskortet og fritidskortet pluss har vore ei veldig god ordning for barn og unge i Kvam. Denne ordninga har redusert økonomiske ulikskapar og gitt fleire barn og unge moglegheita til å vera med på fritidsaktivitetar og kulturskulen. Kvam ungdomsråd vil difor at ordninga med fritidskortet skal fortsetta og ikkje kuttast slik det er forslag om rådmannen sitt framlegg og formannskapet si tilråding.

## **Bassenget i Ålvik og Strandebarm**

Ungdomsrådet ønskjer at bassenga i Ålvik og Strandebarm skal vera sommarstengt, men opent resten av året. Med tanke på at Noreg toppar statistikken på tal drukningsulykker blant barn og vaksne i verda, så meiner me at det er uansvarleg å stenga bassenga i utkantane som sikrar symjeopplæring blant innbyggjarane. Kvam er ein fjordkommune der me nyttar fjorden som ein badeplass heile året derfor er dette ekstra viktig.

### **Andre innsparingsforslag frå ungdomsrådet:**

- Barnehageopptak 1 gong per år
- Kraftfondet- endra retningslinjer for kraftfondet slik at midlar frå fondet også kan nyttast til mellom anna fritidskortet og fritidskortet pluss dersom dette er mogeleg.
- Ungdomsrådet føreslår at møta i miljø-, plan- og bygningsutvalet og formannskapet vert flytta til ettermiddag (etter kl. 15.30) som eit innsparingstiltak. Dette gjeld ikkje arbeidsmøta i formannskapa t.d. budsjettkonferansen til formannskapet kan framleis arrangerast på dagtid.